

**Fra:** Rogne barnehage [v-bratte@online.no]

**Sendt:** 19. desember 2007 10:56

**Til:** Postmottak KD

**Emne:** Kommentar til h yringsnotat om endring i lov av 17.juni 2005 nr 64 om barnehager  
**Kommentar til h yringsnotat om endring i lov av  
17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar.**

Rett til barnehageplass er eit godt lovforslag i h ve til born og familiar.

I h ve til barnehagane seier lovforslaget lite om korleis to inntak pr.  r skal gjennomf rast i barnehagane. Dersom nokre barnehagar m /b r g  med ledig kapasitet, kven dekkar d  evt. inntektstapet????

Ingen av alternativa til finansiering av private barnehagar er gode nok.

Dette fordi:

- Forskrifta om likeverdig behandling av bhg i h ve offentleg tilskot vert foresl tt oppheva n r rammefinansieringa av sektoren inntrer slik at denne finansieringa ikkje sikrar private barnehagar  konomisk likebehandling
- Kommunal finansieringsplikt i h ve nye lovbestemmelsar vil sikre at det vert laga reglar som f rer til lik behandling av dei ikkje - kommunale - barnehagane innan same kommune. Bestemmelsane vil likevel ikkje sikra at alle ikkje - kommunale - barnehagar over heile landet vert behandla likt, men opner for ulike l ysningar i dei ulike kommunane. Slik kommunane jobbar ulikt i dag med tanke p  tildeling av kommunalt tilskot vil truleg gjenspegle rammefinansieringa.
- H yringsnotatet skriv ingenting om at driftstilskota skal vera forutsigbare
- H yringsnotatet seier heller ingenting om korleis private barnehagar skal kunna etterpr va/kontrollera at tildelt tilskot er rett
- Kven skal godkjenne at dei lokale kommunale forskriftene vert godkjente etter at dei er utarbeidde av den enkelte kommune slik at me veit at ordninga skal vera i tr d med reglane om offentleg st tte, og at pengane vert nytta i samsvar med form let og at dei

kjem barna til gode?

- Kven skal sikra at det ikkje skjer ein overkompensasjon, og i det heile definera kva støttebeløp som er naudsynt i den enkelte barnehage når kommunane no skal få leggje eigne forskrifter til grunn og definera kva det kostar for å drifta barnehageplassar?

Høyringsnotatet nyttar ord/setningar som:

o "... .antar

*departementet at kommunen vil sikre de ikke-kommunale barnehagene en tilstrekkelig og forutsigbar finansiering*

... .. " s. 29/4

o " Departementet mener

*at felles nasjonale mål vil til sikre likebehandling av ikke-kommunale barnehager.*

*en viss grad*

" s. 30/5

Når me les høyringsnotatet vert me noko usikre på om private barnehagar er sikra eit reelt driftstilskot. Høyringsnotatet er for lite konkret og legg mykje av vurderinga opp til kommunane. I dag er det store ulikheitar kommunar imellom og eit slikt lovforslag vil berre forsterka dette.

For at systemet for utdeling av driftstilskot skal vera sikkert og forutsigbart, bør kommunane basera tilskota på det som me har i dag, altså tilskot i høve til borna si opphaldstid i barnehagen og alderen deira. På denne måten kan me planlegga drifta og ha ei forutsigbar inntekt.

Sissel Aa.Halland  
Kåreviksmarka Barnehage

Hildegunn Grundvold  
Valvatna Barnehage

Astrid Norekv al Tillung  
Lassebakken barnehage- Voss

Vibeke Bratteb   
Rogne barnehage - Voss